



Innkalling av Valstyret

Møtedato: 02.05.2023
Møtestad: Kommunestyresalen, Flodmaal
Møtetid: 09:00 - 09:30

Eventuelle forfall må meldast via Møteportalen (politikarportalen). Ordføraren må og få melding om forfall til møter.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
007/2023	Godkjenning av innkalling og sakliste
008/2023	Godkjenning av møteprotokoll
009/2023	Referatsaker
010/2023	Tid og stad for røystegjeving på valting
011/2023	Behandling av listeforslag - kommunestyrevalet 2023

25. april 2023

Kjetil Eikefet
møteleiar

Jo Bjarte Tømmerbakke
sekretær

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	23/152

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
007/2023	Valstyret	PS	02.05.2023

Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	23/152

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
--------	--------	------	------

008/2023	Valstyret	PS	02.05.2023
----------	-----------	----	------------

Godkjenning av møteprotokoll

Forslag til vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

Saksopplysningar:

Vedlegg:

Protokoll - Valstyret - 21.03.2023

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	23/152

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
009/2023	Valstyret	PS	02.05.2023

Referatsaker

Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
009/2023.1	Status valgjenomføring 2023

Forslag til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-014, FE-013	22/227

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
010/2023	Valstyret	PS	02.05.2023

Tid og stad for røystegjeving på valting

Forslag til vedtak:

Valstyret vedtek følgjande stad og tid for røystegjeving:

- Kommunehuset Flodmaal frå kl. 12.00 til kl.18.00 i Mo krins
- Samfunnshuset Øvre Helland frå kl. 12.00 til kl.18.00 i Øvre Helland krins

Saksopplysningar:

Valstyret vedtek tid og stad for røystegjeving på valting, men røystegjevinga mandag må ikkje føregå seinare enn kl. 21.00.

Når valstyret skal fastsetja tid for røystinga, skal det leggjast vekt på omsynet til veljarane, at dei får rimeleg tid til å røyste. Det er ikkje føreslått endringar i opningstidene i høve til siste val. Lokale tilhøve tilseier at det ikkje har vore naudsynt at krinsar er opne etter kl 18.00. Det vert difor tilrådd at opningstidene vert som tidlegare frå kl. 12.00-18.00 for begge krinsane.

Under stortingsvalet 2021 var kommunehuset under bygging og veljarane røysts på Bryggjeslottet i krets Mo. Ved årets val går ein tilbake til å nytta kommunehuset til valgjenomføring. Dette vil gå føre seg i foajeen i 1. etasje. For krets Øvre Helland vil samfunnshuset på Øvre Helland nyttast også under dette valet.

Samtidig med kommunestyre- og fylkestingsvalet, skal det haldast kyrkjeval. Etter regelverket skal kyrkjevalet finne stad i direkte tilknytning til kommunen sine vallokale. På Mo vil kyrkja nytte eige lokale på Flodmaal, medan vi på Øvre Helland vil dele av salen slik at kyrkja får eigen inngang og eige rom.

Valstyret må ta omsyn til mellom anna rørslehemma veljarar når dei avgjer kva lokale det skal haldast valting i. Røystinga skal leggjast til lokale som er lett tilgjengelege, og der alle veljarane kan ta seg inn

utan å be om hjelp. Kravet til tilgjenge gjeld for alle vallokala i kommunen. Råd for eldre og funksjonshemma fekk sak om universell utforming av vallokale til behandling i møte 20.03.23, [sak 006/23](#). Dei tok saka til orientering.

Begge lokala har god framkomst for veljarar og lokale som tilseier at veljarhandlinga kan gjennomførast på ein god måte uavhengig av funksjonsevne.

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-014, FE-013	22/227

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
011/2023	Valstyret	PS	02.05.2023

Behandling av listeforslag - kommunestyrevalet 2023

Forslag til vedtak:

Listeframlegg frå Solrenningslista og Samlingslista vert godkjent slik dei ligg føre jf. vallova § 6-6 (2).

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Valstyret skal behandle listeframlegga seinast 1. juni, jf. vallova § 6-6 (2). Valstyret skal undersøkje om dei listeframlegga som er komne inn, fyller krava i lova, under dette om framleggsstillarane og kandidatane oppfyller krava i vallova, jf. § 6-6.

Dersom eit listeframlegg ved innleveringa ikkje er i samsvar med krava i lova må valstyret gjennom forhandlingar med den tillitsvalde arbeide for å dette på plass, jf. § 6-6 (3). Dersom det viser seg at ein kandidat ikkje kan veljast, eller at han/ho blir friteken, skal kandidaten strykast av lista. I slike tilfelle avgjer den tillitsvalde for lista om det skal setjast inn ein ny kandidat på den ledige plassen, jf. § 15 i valforskrifta. Alternativt kan lista supplerast med eit nytt namn nedst, slik at dei andre kandidatane rykkjer opp i uendra rekkjefølgje.

Godkjende lister kan leggjast ut på internett, med den informasjon om kandidatane som er oppført på listeforslaga og godkjent av valstyret. (jf. valhandboka pkt.7.8) Seinast same dato skal dei godkjende listeframlegga (dei offisielle vallistene) leggjast ut til gjennomsyn, jf. vallova § 6-7. Valstyret må ut frå denne regelen også sørge for at overskriftene på dei godkjende listeframlegga blir kunngjorde. Det skal samstundes informerast om kvar listene er lagde ut og kvar publikum kan gjere seg kjent med dei.

Vurdering

Innan fristen 31.mars kl. 12. var det levert inn to listeforslag til valstyret. Begge listene oppfyller krava sett i vallova. Kandidatane har fått tilsendt skriv med informasjon om at dei er oppført på liste og

moglegheit for å kunna krevje fritak innan 24.04.23. Ingen av kandidatane har bede om fritak.

Fram til godkjenning av listeforslag kan listeforslagsstillar og kommune ha dialog om listene. I dialog med dei tillitsvalde, har Solrenningslista har stadfesta at det er korrekt at lista ikkje inneheld stemmetillegg.

For Samlingslista er det ført opp ein kandidat som ikkje er folkeregistrert som busett i kommunen. Ved innlevering av listeforslaget låg ei stadfesting om at vedkomande vil flytte til kommunen innan valdagen 9. september. Kandidaten er såleis valbar, jamfør vallova § 6-4 punkt c.

Listeforslag frå begge gruppene, samt stadfestinga er vedlagd saka.

Vedlegg:

Samlingslista

Solrenningslista

Stadfesting